

Planprogram

Kommunedelplan for naturmangfold

Herøy kommune

Høyringsutkast

Hausten 2025

Innhold

1. Innleiing	3
2. Mål og føringar	3
3. Natur i Herøy kommune.....	6
4. Utviklingstrekk og utfordringar.....	9
5. Plan for gjennomføring	10
6. Kjelder	11

1. Innleiing

Kommunane har ei svært viktig rolle i klimaarbeid og forvaltning av natur og biologisk mangfald. Styresmaktene ser behov for å auke kunnskapen i kommunane. Herøy kommune har søkt og fått tilskot frå Miljødirektoratet til å utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald. Planen skal ha som mål å samle, systematisere og oppdatere kunnskapen om verdifulle naturområde og artar i kommunen, med utgangspunkt i kartbasar, utgreiingar og lokalkunnskap. At fleire får meir kunnskap og blir kjende med kva naturverdiar som er i kommunen er ei viktig målsetting for arbeidet.

I planstrategien er det oppgitt at Herøy kommune skal starte rullering av kommuneplanen sin arealdel i 2026. Kommunen slutførte og sommaren 2025 arbeidet med planvask, og saman med dette arbeidet vil ein kommunedelplan for naturmangfald vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for arealdelen. I tillegg vil den vere eit viktig verktøy for å vise dei samla verknadane av eksisterande og planlagd arealbruk.

Ein kommunedelplan for naturmangfald vil inngå som eit viktig kunnskapsgrunnlag der ein har naturområde i kommunen som er verna område av nasjonal og regional verdi, men ein manglar oversikt og kartfesting av lokalt verdifulle naturområde.

Herøy kommune fekk i august 2024 tildelt tilskot til utarbeiding av kommunedelplan for friluftslivets ferdselsårer, og er dermed i gong med arbeidet med denne planen. Arbeidet med dei to planane er naturleg å sjå i samanheng. Kommunedelplan for naturmangfald skal gjelde heile Herøy kommune, inkludert sjøareal.

2. Mål og føringar

Internasjonale føringar

Biomangfaldkonvensjonen oppstod som eit svar på den globale nedgang i artar og øydelegginga av økosystem. Konvensjonen pålegg alle medlemsland å jobbe saman for å sikre naturmangfaldet på jorda. Den har som mål å bevare jorda sitt biologiske mangfald, fremje berekraftig bruk av ressursar og dele godane av genetiske ressursar rettferdig. Noreg var eit av dei fyrste landa til å signere avtalen, og er derfor forplikta til å fylje konvensjonen (The convention on biological diversity, 2016).

FN sitt naturpanel (IPBES) er eit globalt nettverk av fleire hundre ekspertar som setter saman vitenskapleg litteratur om naturkrise. Dette skal bidra til å stoppe den menneskelege øydelegginga av naturen, og starte å opprette det som har gått tapt (FN-sambandet, 2025).

FN sitt naturpanel slår fast at det er fem årsaker til at naturmangfaldet er truga, og alle fem skuldast menneskeleg aktivitet:

- Arealendringar, *gjør at dyr og planter sitt leveområde forsvinn*
- Rovdrift, *vi haustar ikkje berekraftig*
- Klimaendringar, *bidreg til tap av naturmangfald og motsett*
- Forureining, *øydelegg naturen*
- Fremmande invaderande artar, *skader lokale økosystem*

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å imøtekomme dagens behov utan å øydelegge moglegheitene for at komande generasjonar skal få dekkja sine behov (FN-Sambandet, 2024). Berekraftsmåla skal bidra til å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringar innan 2030. Tre av dei 17 måla går spesifikt på klima og natur. Mål 13 handlar om å motverke klimaendringar, mål 14 om livet i havet og mål 15 livet på land.

Nasjonale føringar

Stortingsmelding 14 «Natur for livet» er eit viktig styringsdokument for norsk naturpolitikk. Stortingsmeldinga la grunnlaget for ei heilskapleg tilnærming til bevaring av naturmangfald og berekraftig bruk av naturressursar.

Meld. St. 35 (2023-2024) «Berekraftig bruk og bevaring av natur» er Noregs nye handlingsplan for naturmangfald. Meldinga viser korleis regjeringa sin politikk skal bidra til berekraftig bruk og bevaring av naturmangfald. Nokre av hovudmåla i denne er å bevare 30% av landarealet innan 2030, avgrense netto tap av særleg viktige naturareal innan 2050. Styrke naturens toleevne ved å redusere samla belastning, etablere naturregnskap og meny av tiltak for ulike økosystem og styrke kommunen si rolle og verktøy i arealforvaltning (Klima og miljødepartementet, 2024).

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023- 2027 viser til at kommunane er svært viktige for å lukkast med den berekraftige samfunnsutviklinga i heile landet.

Andre lover og nasjonale målsettingar som vil ha føringar for arbeidet:

- Grunnlova (§112)
- Naturmangfaldlova
- Plan- og bygningslova
- Forureiningslova
- Jordlova
- Skoglova
- Viltressurslova
- Vassressurslova
- Vern for vassdrag
- Vern for vasskjelder
- Noreg sine klima- og miljømål

Regionale føringar

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025-2028 peikar på at presset på naturressursane, urørt natur og kulturmiljø aukar, både på land og i sjø. Verdifull myr og skog blir nedbygd, og planlegging og bruk av areal skjer ofte stykkevis og delt, lite arealeffektivt og lite gjennomtenkt. Norsk raudliste for artar viser at det er 762 truga eller sårbare artar i Møre og Romsdal. Endra arealbruk er den største trugselen, men for stor hausting, klimaendringar, forureiningar og spreiding av framande artar trugar også naturen (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2024).

Andre regionale føringar som er viktige for arbeidet:

- **Fylkesstrategi for miljø, klima og energi**
- **Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022-2027**

Lokale føringar

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Herøy kommune 2030 har miljø og klima som eit av seks satsingsområde i samfunnsdelen. Desse satsingsområda skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og på tvers av sektorane. Det kjem og fram av samfunnsdelen at kommunen ynskjer å hindre «bit-for-bit» nedbygging av strandsona.

Klimaplan for Herøy kommune 2030 slår fast at klimaendringane kjem til å påverke natur og samfunn i åra framover. Det er derfor kritisk å sette i verk tiltak som kan stoppe dette.

Mål for arbeidet

Herøy kommune skal i perioden 2025-2027 utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald for å ivaretake naturmangfaldet gjennom kommuneplanarbeidet. Kommunedelplanen har som hensikt å synleggjere og gi oversikt over naturmangfaldet i kommunen. Den skal betre og ivaretake lokale viktige økosystem, med tilhøyrande artar og naturtypar. Kommunedelplanen vil også ligge til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel når den skal reviderast. Planen vil ligge til grunn for at kommunen kan fatte gode slutningar kring naturmangfald både no, og i framtida.

Måla for kommunedelplan for naturmangfald er:

- Å samle, systematisere, oppdatere og kartfeste kunnskap om naturmangfald i kommunen. Dette skal gjerast i ein felles plan som skal brukast som grunnlag for revideringa av kommuneplanen sin arealdel og anna planarbeid.
- Målet er også å få auka kunnskap om status, verdi og forvaltning av naturmangfald både i administrasjonen, hos politikarar og innbyggjarar.
- Identifisere å få kunnskap om område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfald.
- Identifisere manglar i kunnskapen, og føreslå vidare kartlegging og tiltak som betrar tilstand, verdi og funksjon for naturmangfaldet i kommunen.
- Identifisere utbyggingsområde som må kartleggast som del av reguleringsarbeid.
- Etablere ein forpliktande tiltaksdel for å ivaretake naturmangfaldet i kommunen.

Kommunedelplan for naturmangfald vil ikkje vere ein juridisk bindande plan, men planen vil ligge til grunn for revideringa av kommuneplanen sin arealdel. Områder kommunen meiner er viktige for naturmangfald bør sikrast i juridisk bindande planar. Kommunedelplanen vil også vere eit verktøy i sakshandsaming, planlegging og drift av naturområde.

3. Natur i Herøy kommune

Herøy kommune er ei kystkommune beståande av mange øyer. Kommunen har eit sterkt kystpreg i alle vegetasjonar, flor og fauna. Dette gjer at kommunen skil seg ut frå andre kommunar, og har fleire naturtypar som er viktige for det biologiske mangfaldet.

Havstrand, kulturlandskap (særleg kystlynghei og naturbeitemarker), ferskvatn, berg/rasmark, skog og myr er blant dei viktige naturtypene i kommunen (Herøy kommune, 2001).

I Herøy er det 7665 dekar jordbruksareal, som utgjer 6,5 prosent av kommunen sitt landareal, og 13062 dekar skog. 91175 dekar er rekna som anna markslag, der 70,3 prosent er open fastmark, 4,6 prosent er myr og 1,5 prosent er ferskvatn. 111 dekar eller 0,1 prosent av kommunen sitt areal er ikkje kartlagd (NIBIO, 2024).

I fylje Møre og Romsdal fylkeskommune sitt arealrekneskap for 2024 har Herøy kommune 122 dekar skog av særst høg bonitet, 3993 dekar skog av høg bonitet, 3708 dekar skog av middels bonitet, 183 dekar skog av låg bonitet og 4948 dekar skog av impediment bonitet. Herøy kommune har 5445,5 dekar myr.

For meir informasjon sjå: [Arealregnskap Møre og Romsdal 2024 offisiell](#)

Verneområde:

I Herøy er det åtte naturvernområde, fem naturreservat, eit dyrelivsfredingsområde og to dyrefredingsområde.

- Muleneset (naturreservat)
- Myklebustvatnet (naturreservat)
- Tjørnvågosen (naturreservat)
- Runde (dyrelivsfreding)
- Runde (dyrefredningsområde)
- Svinøya (naturreservat)
- Goksøyrmyrane (naturreservat)
- Stokksund-Blikkvågane (dyrefredingsområde)

Kommunen har også fleire kulturminne eller kulturmiljø av nasjonal eller regional verdi.

Naturtypar: I Herøy er det 98 utvalde naturtypar der 97 av dei er kystlynghei og eit av områda består av olivinskog. For meir informasjon om naturvernområda og utvalde naturtypar sjå: [Naturbase kart Norges verneområder - miljodirektoratet.no Om naturtyper etter Miljødirektoratets instruks - miljodirektoratet.no](#)

Artar: I Herøy kommune er det registrert 65 545 ulike artar. 1194 av desse er registrert som kritisk truga, 4011 er sterkt truga og 5295 er registrert i artsdatabanken som sårbar.

For meir informasjon sjå [Artsdatabanken - Kunnskapsbank for naturmangfold](#)

Vassdrag

I Herøy kommune er det 42 registrerte vassførekomstar. 19 er i vasskategorien elv (170 938 km), 7 i vasskategorien innsjø (1,956 km²) og 16 i vasskategorien kystvann (1.205,885 km²) (vann-nett.no, 2025). Kommunen har ingen vassdrag med verneplan.

Marint naturmangfald

I konsekvensutgreiing og ROS-analyse for interkommunal kystsoneplan for ytre sørre Sunnmøre 2024-2036 er det kartlagt nasjonalt og regionalt viktige naturtypar som ålegrasenger, tareskog og korallrev av NIVA og HI (Havforskningsinstituttet) på sørre Sunnmøre.

For meir informasjon om marin naturmangfald sjå: [Yggdrasil](#), [Fiskeridirektoratet - Arealplaner](#).

Viktige tema

Kommunen ynskjer å hente meir kunnskap om områder som allereie er kjende, og om område som vi har lite kunnskap om. Det er også viktig å fokusere på korleis vi skal forvalte naturen i Herøy kommune på best mogleg måte. Nokre av tema som vil vere viktige å sjå på og å framheve i kommunedelplanen for naturmangfald er:

- Artsmangfald på sjø og land
- Marine områder
- Naturtypar
- Skog/hav og landbruk
- Raudlista/framande artar
- Plante og dyrehelse
- Klima
- Arealbruk
- Vilt
- Vann og vassdrag
- Friluftsliv og folkehelse
- Naturrestaurering

Informasjonskjelder og kunnskapsbankar for naturmangfald: [Naturbase kart](#), [Yggdrasil](#), [NVE Atlas](#), [GisLink karttjeneste](#), [Artsdatabanken - Kunnskapsbank for naturmangfold](#).

4. Utviklingstrekk og utfordringar

Nokre av utfordringane Herøy kommune står ovanfor når det kjem til å bevare natur og naturmangfaldet:

Kommunen har lite eller eldre kunnskap om kva naturmangfald som er i kommunen. For å hindre tap av viktig natur, må kunnskapen ligge til grunn. Med god kunnskap er det enklare å unngå nedbygging av viktig naturmangfald.

Kommunen har svært lite næringsareal tilgjengeleg, og nye områder blir føreslått utbygde. Kommunen treng derfor kunnskap om naturmangfaldet i kommunen for å hindre at viktig natur blir nedbygd. Det vil bli enklare å føreslå alternativ for utbyggingsområde med god kunnskap om naturmangfaldet i kommunen på plass.

I Herøy kommune ligg Runde, dette er eit naturreservat og fuglefjellet på Runde er eit av dei mest artsrike og viktige fugleområda i Noreg. Fuglefjellet har status som verneområde og internasjonalt viktig fugleområde. Fleire titals sjøfuglartar hekkar her. Dette er eit område som er svært viktig å ivareta, og med auka turisme er det viktig å finne den rette balansen for å ikkje skade naturmangfaldet. Nokre av artane som held til her er:

- Lundefugl
- Havhest
- Sildemåke
- Gråmåke
- Krykkje
- Alkekonge
- Lomvi
- Toppskarv
- Havsule
- Tyvjo
- Ravn
- Fiskemåke

Spreiing av framandarta er viktig å ta stilling til i kommunedelplan for naturmangfald.

Forureining vil ha negativ effekt på naturen både på land eller i sjø. Ifølge raudlista er forureining den nest største årsaka til at artar er utrydningstruga i dag.

Klimaendringar vil ha ei stor betydning for artane i nord. Endringar i klimaet kan endre livsmiljøet til artane raskare enn tilpassingsevna deira. Kommunen må hjelpe til med å legge til rette for artane og bremse klimaendringane.

Oppdrett langs kysten er ei svært viktig næring, men den kan kome med utfordringar som rømming, utslepp, støy og arealbruk. Dette kan vere ein stor trugsel mot artar og miljøet i og rundt fjordane.

5. Plan for gjennomføring

Planprosess

Planen skal utarbeidast som ein kommunedelplan og fylje krava i plan- og bygningslova. Det vil bli gitt varsel om oppstart samtidig som forslag til planprogram blir lagt ut på høyring. Det er viktig at planarbeidet er godt forankra både i kommunen si administrative leiing, og med politikarane som skal vedta planen. Under kan du lese meir om framdriftsplan for planprosessen.

Framdriftsplan	
Varsel om oppstart/høyring av planprogram	02. Oktober – 13. November 2025
Merknadshandsaming	November – Desember 2025
Fastsetting av planprogram i formannskapet	03. Desember 2025
Utlysing av konkurranse	Januar
Utarbeiding av planforslag	Februar – August 2026
Høyring av planforslag	September – Oktober 2026
Merknadshandsaming	November 2026
Vedtak av plan	Desember 2026
Sluttrapport	Januar 2027

Organisering av arbeidet

Styringsgruppe:

Utval for samfunnsutvikling

Arbeidsgruppe

- Samfunnsplanleggar (Prosjektleiar)
- Avdelingsleiar utvikling
- Planleggar
- Landbruk

Medverknad

Planprogrammet og planen vil bli lagd ut på høyring, og dette vil gi moglegheiter for å kome med innspel til kva planen bør innehalde. Medverknad er viktig for å hente inn kunnskap, lokalkunnskap og gode idear. Det er også viktig for å få folk til å engasjere seg, og for å auke forankringa av planen. Det er viktig å få med både enkeltpersonar, lag og foreiningar, organisasjonar og aktuelle styresmakter i medverknadsprosessen.

Det er viktig for kommunen å få med lokale bønder, interesseorganisasjonar, lokalbefolkning og andre som kan vere viktige å involvere. Det vil bli arrangert folkemøte undervegs i prosessen, eller arbeidsverkstad for å hente inn innspel frå lokalbefolkninga, forankre planen og skape engasjement rundt prosessen.

6. Kjelder

Artsdatabanken. (18. August, 2025). Artskart.

Henta frå [Artsdatabanken - Kunnskapsbank for naturmangfold](#)

Det kongelige klima- og miljødepartement. (27. september, 2024). Meld. St. 35 (2023-2024) Melding til Stortinget: Berekraftig bruk og bevaring av natur: Norsk handlingsplan for naturmangfold.

Henta frå [Meld. St. 35 \(2023–2024\)](#)

Det kongelige klima- og miljødepartementet. (18. Desember, 2015). Meld. St. 14 (2015-2016) Medling til Stortinget: Natur for livet: Norsk handlingsplan for naturmangfold.

Henta frå [Meld. St. 14 \(2015–2016\)](#)

Fiskeridirektoratet. (02. September 2025.) Arealplaner.

Henta frå: [Arealplaner](#)

Fiskeridirektoratet. (02. September, 2025). Yggdrasil.

Henta frå [Yggdrasil](#)

FN-Sambandet. (01. Februar, 2024). FNs bærekraftsmål.

Henta frå [FNs bærekraftsmål](#)

FN-Sambandet. (06. Juni, 2025). FNs Naturpanel (IPBES).

Henta frå [FNs naturpanel \(IPBES\)](#)

GISLINK. (02. September 2025). GISLINK.

Henta frå [GisLink karttjeneste](#)

Herøy kommune. (21. November, 2001). Kartlegging av biologisk mangfald i Herøy kommune, Møre og Romsdal: Av John Bjarne Jordal og Karl Johan Grimstad.

Henta frå <https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-more-og-romsdal/dokument-fmmr/miljo-og-klima/naturmangfald/kartleggingsrapportar/kommunale/heroy-2001.pdf>

Herøy kommune. (17. Mars, 2022). Kommuneplanen sin samfunnsdel.

Henta frå heroy.kommune.no/tenester/bygg-eigedom-og-plan/kommuneplanen/kommuneplan-samfunnsdel/

Herøy kommune. (09. Juni, 2022). Klimaplan.

Henta frå heroy.kommune.no/tenester/organisasjon-og-tilsette/styringsdokument/planar/tema-og-sektorplaner/veg-vatn-og-miljo/klimaplan/

Herøy kommune. (2023/2024). Kunnskapsgrunnlag for planstrategi.

Kommunal- og distriktsdepartementet. (20. Juni, 2023). Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027.

Henta frå [Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027](#)

Miljødirektoratet. (2024, 04. Januar). Naturbase kart.

Henta frå [Naturbase kart](#)

Møre og Romsdal fylkeskommune. (Juli, 2024). Arealrekneskap Møre og Romsdal 2024.

Henta frå [Arealregnskap Møre og Romsdal 2024 offisiell](#)

Møre og Romsdal fylkeskommune. (10. juni 2024). Fylkesplan for Møre og Romsdal.

Henta frå [Fylkesplan for Møre og Romsdal](#)

NIBIO. (2024, 26. Januar). Arealbarometer for Herøy i Møre og Romsdal.

Henta frå [Arealbarometer - Herøy i Møre og Romsdal \(nibio.no\)](https://nibio.no/arealbarometer/heroy-i-møre-og-romsdal)

NVE. (02. September, 2025). NVE Atlas

Henta frå [NVE Atlas](#)

The convention on biological diversity. (13. Mai, 2016).

Henta frå [Text of the Convention](#)

Vann-nett. (20. August, 2025). Faktaark basert på filtrert utvalg: Herøy kommune.

Henta frå [Vann-Nett | Miljøtilstand på vannforekomster i Norge](#)